

## **Styremøte Møre og Romsdal Sau og geit fredag 3.april 2009. Kl 11.00. på Fylkeshuset**

Frammøtte: Inger johanne, Magnus, Arnfinn Ottar, Oiav, Sidsel og Åshild (kom ca 11.30)

### **Sak 1. Sidan sist:**

- Send inn minst to reiserekn i året.
- Landsmøtet: Inger johanne, Odd Bjarne og Magnus.  
I.J ohanneorienterte . Svein Skjølsvold varaordfører, Astrid Dyrkorn Tronstad direktevalgt geitrepr i rådet, Tor Lie 3.vara som direktevalgt geiterepr i rådet.  
Framlegg om redusert vektlegging av tal lam vart nedstemt.  
Sidsel ,som ikkje var på fylkesårsmøte(gyldig forfall) fekk ei orientering om årsmøtet.
- Kurs : Samdrift Sau. Kurs for nye Sauebønder: Olav Sørstrand orienterte  
Me hadde kurs førre helg. Gode tilbakemeldingar. Tre ulike fjøs, halm, plastrister og strekkmetall.  
Jon Osnes og Odd Bjarne var begge særers bra. –Små grupper er positivt.  
Fylkeslaget støttar kursdeltakarane økonomisk.Kan lokallaga også støtte noko ?? Send førespurnad til lokallaga
- Gjetarhundnemda. Arnfinn orienterte. Gjetarhundnemda harhatt møteog konstituert seg med eige styre og laga vedtekter. Vedtektene vart ikkje godtekne av Sau og Geit.Vedtektene vart tilpassa krava frå Nsg  
Vedtektene ligg på heimesida til gjetarhundlaget.  
Arnfinn lagde fram budsjett for gjetarhundlaget. Laget har også laga si eiga heimeside som Andor Bjørke styrer.
- Midtnorsk Kompetansesenter. Repr for desse var både på vårt eige fylkesårsmøte og på landsmøte for å orientere om senteret og evt få med Møre og Romsdal i prosjektet. På styremøtet hadde med ein diskusjon på dette:

Arnfinn meinet me hadde nok grupper og prosjekt no . Skeptisk til nytten. Nortura er ikkje med.

Inger Johanne meinte at sauehaldet i M og R var særers variert og at det vart vanskeleg for eit slikt kompetansesenter og ”serve” alle variantane.  
Kan hende det er like bra å gå saman med Sogn og fj i deira prosjekt?  
Sidsel ser på prosjektet som særers interessant dersom det lukkast i å nå målet sitt.

Åshild: Kva vil dei bidra med her i fylket. Vil stoda for sauebøndene bli betre ?

Magnus: BU her i fylket har nyleg avslege ein søknad om midlar frå prosjektet. Ei av grunngjevinga for avslaget var at Mrsg ikkje har gått i n for prosjektet. Men vil Bu gje tilskot dersom me går inn for prosjektet ? Sidsel; Me må vite meir.

**Vedtak: Sidsel og Arnfinn tek kontakt med Marianne Østbye for å bli inviterte til møte og evt få vere tilhøyrarar på eit møte i prosjektet. Me skal og ”sjekke” Sogn og Fj sitt prosjekt.**

## **Sak 2 Konstituering av styret:**

Sidsel tok attvalg som nest

Styret har då denne samansetning:

Leiar Inger Johanne Tafjord  
Nestleiar Sidsel Holte Ramsøy  
Styremedlem Olav Sørstrand  
Styremedlem Arnfinn Ottar Lien  
Sekretær Magnus Skjerdal.

1. Vara Astrid Tronstad Dyrkorn
2. Vara Arnfinn Sandøy
3. Vara Helga Krangne

## **3 Tilkobling og bruk av Datamaskin til videokanona. Me fekk ei god innføring av Åshild.**

## **4 Strategi og arbplan.**

- Medlemsverving: Me bør prøve å nå over 900 medl også for å få fleire uts.
- Fleire husstandsmedlemmar ??

Premie for medlemsverving,-få tak i husstandsmedlemmar.

**Premie: Den som vervar mest får eit flakslodd for kvar verva medlem.(gjeld alle slags medlemmar)**

Offansiv overfor dei som driv med villsau.

Lokallaga har oversikt og må få dette ut til medlemmane.

LEGG dette ut på heimesida.

- Organisasjonkurs. Vivi har orgkurs i fleire fylker .

Det passar best til hausten – t.d på tillitsmannsmøte som me skal ha i lag med S oFj

Magnus snakkar med dei.

- Heimesida. Me må ha kurs.?-nei

Andor Bjørke tek jobben som redaktør for heimesida.

- Festival ??

Skal me gå ilag med andre arrangørar t.d stand i bygdefestivalar ?

Gjemnes, Gjermundnes, Ørsta og andre ?  
Dette kan me gjere utan store arbeidsoppgåver.

**Me vert med Gjemnes i år. 4,5,6. Sept .Snakk med Fræna,-Atle Moen og samarbeid med han.**

**Arnfinn har ansvar for gjetarhund,Olav og Sidsel er medansvarleg  
Åshild tek kontakt med arr.komiteen.**

- Aktuelt med ein festival på Gjermundnes neste år .?

Me tek kontakt med ”andre” for å få i gang att landbruksveka på Gjermundnes.

Også aktuelt med Romsdalsmuseet.

**Dette tek me att på neste styremøte.**

- Turne med Yngve Rekdal om utmarksbeite,-kor viktig dette er.

Formål: Få synleggjort kor viktig utmarksbeite er, belyst gjerdeproblemer, få drøfta kva kommunane kan gjere.

Magnus planlegg . Søk om midlar ,Snakk med Yngve Rekdal.

Me prøver med ca 5 plassar- plassert i område for styremedlemmar.

Kvar styremedlem tek kontakt med ”sitt” område.

- Gjetarhundkurs : Me tek dette med i ”storesøknaden” vår.

Arnfinn ordnar kostnadsoverslag frå Gjetarhundlaga.

- Tillitsmannsmøte i lag med Sog fj 23-25 okt.

Åshild skal vere med!!

Me leiger buss.-snakk med Leif Malones,-Inger J gjer det.

Me lagar ein felles søknad om BU midlar for kursa: Nye Sauebønder 2-3 stk, Yngve Rekdal :Utnytting av utmarka 5-6 stormøter, Gjetarhundkurs 2stk

5 Eventuelt .

- Blåtunge –soner.

Så lenge me ikkje har problemet her har me ikkje forutsetningar for å uttale oss.

- Kan me stå som direktemedlemmar i BSF. ??

Inger Johanne sjekkar med Atle Frantzen og/eller BSF sentralt.

Neste styremøte:

Arnfinn,Sidsel og Olav må snakkast om Gjemnesmøtet.

Det må lagast opplegg for kurs me skal ha med øk opplegg og BU må innkallast.

Må vere klart innan slutten av **mai**.

**Møtet slutt kl14.50 Magnus**

## **Styremøte i Møre og Romsdal Sau og geit Molde 31.aug 2009.**

Frammøtte:Inger Johanne,Olav,Magnus og Åshild.

### **Sak 1. Sidan Sist;**

- Felles Styremøte med Nord og Sør Trøndelag,Møre og R og fleire andre fylkeslag i Stjørdal. 8.aug. Møtet dreidde seg om Rovdyr og Avl ?. Landbruksministeren (brekk) var med. Eit godt møte. Møtereferat er ikkje kome endå, men vil verte medteke som eige vedlegg.
- Geitedagane. Desse vart i år arrangerte på Beitostølen 21-23 aug med rekordstor oppslutning og mange unge bønder. Likevel: Det kunne vore fleire frå M og R. Gode,spennande og interessante foredrag.
- Anna. Lita anna. Varm og våt sommar med gode avlingar.

### **Sak 2. NM i saueklypping. Isfjorden S og G i lag med fylkeslaget har søkt om å få arr NM i**

saueklypping i Åndalsnes 2010. Det er nedsett ein arrkomite med repr frå

kommunen,fylket,mrsg og bondelaget ? Inger Johanne er med frå fylkeslaget. I tillegg

er Åshild med. (Ho repr fylket, men også oss)

### **Sak 3.Leiarsamling. I fjor var det felles tillitsmannssamling med Sogn og Fj. Då var det Mrsg som stod for opplegget. I år skal med gjere det same,men med Sogn og Fj S og G som arrangør.**

Me møttest på Eid og fer vidare til Selje for å sjå på kystgeita og utegangarsau.

Vidare gåt turen til Stryn hotell der resten av samlinga vert halden.

Mrsg har ynskje om å ta ein tur til Briksdalen (Oldedalen). Dette har me gjeve beskjed om ig Eli B Ness vil gjere sitt beste for å få til dette

### **Sak 4. Kurs for nye sauebønder.**

Olav arbeidar med å få til ei samling i haust og rapporterar til Magnus.

### **Sak 5. Organisasjonkurs Bygdekvinnelaget.**

M og R Bygdekvinnelag skal ha organisasjonkurs.

Inger Johanne og Sidsel deltek på dette.

Møtet slutt kl 14.30 Magnus

## **Styremøte Mrsg 17.nov på Fylkeshuset**

Tilstades: Sidsel Ramsøy, Magnus Skjerdal, Inger Johanne Tafjord, Arnfinn Ottar Lien, Olav Sørstrand og Åshild Melkeraaen.

### **Sak 1. Sidan sist.**

- Representantskapsmøte NSG Inger Johanne, Svein, Astri.  
Hektisk. Kompetanseløft, rovdyr, sekretærfungsj, heimesider- kurs for utvalde,
- Leiarsamlinga. Stryn, Selje, Olden. Triveleg samling, men for få frå M og R. Organisasjonskurs m Vivi. Alle lokallag skal ta dette. Ta det på årsmøte ?, dagskurs på Molde?, sjekk tilskot frå norsk landbruksrådgjeving, BU, Bsf ?
- Geitmøtet Skei. Positiv forsamling. Sanering. Dei som ikkje melder seg på innan 2012-Prisdiff på mjølk. Renomeet vårt utad står på spel. Førebuande møte i arrgruppa for geitedagane (tine , møre og R fylke og mrsg)-Geitmøte 2010 på vestlandet denne gong. Geiranger 20-22 aug.

### **Sak 2 Kunnskapsløft i saueneringa.**

NSG sentralt har gått inn i prosjektet. Dei søkjer Mr og 150.000 om tilskot. Er mrsg positiv til dette? Fylket vil lyde til mrsg sitt råd.

Sidsel positiv, Arnfinn litt skeptisk, I.J me må ha ein repr i styret, Olav: Vil dette gå på bekostning av andre prosjekt her fylket. Åshild: Viktig at det skjer noko. Diskusjon.

**Vedtak: Styret er positiv til prosjektet og vil rå til at det vert gjeve midlar frå Møre og R når det kjem søknad.**

### **Sak 3 Sekretærfunksjon: Varierer gjennom landet.**

Magnus og I.Johanne sender inn avkryssingsskjema med spørsmål om sekretærfunksj.

**Sak 4. Heimesida: Andor Bjørke styrer heimesida. Magnus tek kontakt.**

**Sak 5. årsmøtet 2010. Geiranger 27-28 febr.**

Sakliste: 27.febr Orgkurs

28.febr årsmøte

Søknad om orgkurs tilskot. Olav +Magnus.

Styremøte: Tysdag 5.jan kl 11.00 Årsmøtesaker.

Evt:

16 des Beiteprosjektet: Tap pga sjukdom. Erfaringskonferanse på Gardemoen.

Inger Johanne reiser +Arnfinn.

Rovdyr: Arnfinn-makteslaus

Møtet slutt kl 14.30.

Magnus

